



Eide Fjordbruk AS
Fyllingsnes Fisk AS

Dato: 16.10.2015
Vår ref.: 2015/5346-19
Saksbehandlar: Vibeke Lokøy
Tlf: 55 23 91 45

Eide Fjordbruk AS, org. nr. 866751242 og Fyllingsnes Fisk AS org. nr. 930387215 – Mellombels løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune

Vi syner til Dykkar søknad av 19.05.2015, komplett med supplerande opplysningar 21.07.2015.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Eide Fjordbruk AS, org. nr. 866751242, akvakulturløyva med reg. nr. H-K-32, H-K-33 og H-K-63 og Fyllingsnes Fisk AS org. nr. 930387215 med akvakulturløyve med reg. nr. H-L-3 løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) i sjø på følgjande lokalitet i Lindås kommune i Hordaland fylke:

Nr	Lokalitet	Kommune	Lokalitets-biomasse	Anleggets midtpunkt Euref89/WGS84	Samlokalisering
19655	Ospeneset	Lindås	3120 tonn	60° 44.771' N 5° 16.206' E	H-K-32, H-K-33, H-K-63, og H-L-3

Anlegget er godkjent med følgjande hjørnepunkter-kartreferansar oppgjeve i Euref-89/WGS84					
1	2	3	4	5	6
60° 44.734' N 5° 16.015' E	60° 44.879' N 5° 16.219' E	60° 44.843' N 5° 16.325' E	60° 44.690' N 5° 16.254' E	60° 44.683' N 5° 16.244' E	60° 44.698' N 5° 16.127' E

Lokalitet 19655 Ospeneset er godkjent for løyva H-K-32, H-K-33, H-K-63 og H-L-3. Kvart av løyva omfattar ei maksimal tillaten biomasse (MTB) på 780 tonn. Lokalitetsbiomassen skal ikkje på noko tidspunkt overskride 3120 tonn. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einssilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret.

Dette løyvet erstattar løyve av 02.07.2014. Løyvet er mellombels, og gjeld til 31.07.2017. Frå denne dato vil løyve av 02.07.2014 igjen vere gjeldande.

Løyva H-B-9, H-B-21, H-FJ-5 og H-L-23 vert sletta frå lokalitet Ospeneset i akvakulturregisteret frå dags dato.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Grunngjeving

Fyllingsnes Fisk AS og Eide Fjordbruk AS søkte 19.05.2015 om utviding av areal til anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune.

Om søknaden

Lokalitet 19655 Ospeneset er frå før godkjent for oppdrett av matfisk av laks og aure med ein maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 3120 tonn. Under orkanen Nina i januar 2015 skjedde eit delvis anleggshavari med påfølgande rømming av fisk på lokaliteten. I staden for å reparere det havareerte anlegget, eller legge ut eit tilsvarande stålanlegg, ynskjer selskapa å erstatte det havareerte stålanlegget med eit nytt anlegg av plastringar som er antatt meir rømmingssikkert.

Det er ikkje søkt om å auke MTB på lokaliteten.

Det eksisterande løyvet er gjeve til eit stålanlegg som er 180 meter langt og 56 meter breidt med plass til 12 bur. Selskapa søkjer no om å få klarert areal for utlegging av eit anlegg av plast med tre ringar i rammefortøying som er 300 meter langt og 100 meter breitt, samt førflåte som vert plassert 80-100 m aust-søraust for anlegget.

Plastringanlegget krev større areal enn det gamle stålanlegget og vert liggande lenger ut frå land. Det vert difor liggande delvis utanfor areal avsett til akvakultur i kommuneplanen til Lindås.

Selskapa søkte 15.05.2015 Lindås kommune om dispensasjon frå kommuneplanen til å legge ut eit anlegg med 6 ringar i to rekkjer på Ospeneset. Lindås kommune gav 16.07.2015 dispensasjon til å legge ut tre av dei seks ringane. Vidare handsaming av søknaden gjeld difor utlegging av eit anlegg med tre ringar og førflåte, jf. vedlagt anleggsskisse.

Selskapa meiner overgangen frå stålanlegg til plastringanlegg vil medføre mindre risiko for rømming av fisk fordi det omsøkte plastringanlegget vil tilfredstille høgare krav til styrke og sikkerheit. Dei meiner og at det vil føre til betre vassgjennomstrauming i anlegget, noko som vil sikre gode oksygentilhøve og saman med auka merdvolum bidra til betre fiskevelferd. I og med at søknaden ikkje inneber auke av MTB meiner selskapa at den ikkje vil føre til auka fare for spreiding av sjukdom eller lakselus på villfisk. Rådgivende Biologer har vurdert utskifting av anleggstype til å vere positivt i høve til påverknad på miljøet, fordi den same produksjonen vil verte spreidd over eit større areal, og sannsynlegvis gjere miljøtilhøvet under anlegget betre.

Offentleg utlysing

Søknaden om utviding til 6 ringar pluss førflåte vart kunngjort etter retningslinjene og har lege ute til offentlig innsyn i Lindås kommune. Det kom inn fire merknader til søknaden.

Naturvernforbundet Nordhordaland går imot søknaden om seks nye ringar fordi dei meiner det vil få negative konsekvensar for eit regionalt viktig område for friluftsliv, og dei er uroa for at auka areal til oppdrett i eit vêrutsett område, saman med prognosar for meir ekstremvær i framtida, kan auke rømmingsfaren.

Pål Arnt Henriksen og Per Kristian Teige er eigarar av fritidsbustader på Hodneland, Myking, og aktive brukarar av området frå før oppdrettsanlegget vart etablert. Dei meiner etableringa har vore negativ for bruk av området til friluftsliv, fiske og allmenn ferdsel, og at ei utviding vil øydelegge området for friluftsføremål. Dei peikar på at det ikkje bør ligge anlegg på lokaliteten i det heile tatt, på grunn av at dei lokale vêrtilhøva gir fare for anleggshavari. I tillegg trekk dei fram miljøbelastning i fjorden og påverknad frå lakselus på sjøauren i Storelva som negative konsekvensar av oppdrett.

Masfjorden kommune er uroa for at utviding til 6 ringar i framtida kan medføre auka biomasse i området ved Ospeneset. Dei har og fått informasjon om at det er foretatt innfesting av fjellboltar på 12 meters djup i strandsona i Elvik i Masfjorden kommune i samband med utviding av Ospeneset.

Lindås kommune har i brev av 02.10.2015 kome med følgjande uttale til søknaden: «*Lindås kommune meiner fylkeskommunen må følgje opp tiltak knytt til Storelva og vurdere å pålegge avbøtande tiltak for dei ulike akvakulturlokasjonane som kan ha verknad på førekomst av lakselus på fisken som går i Storelva. Vidare føreset kommunen at dimensjonering av ankerfeste og fortøyingar vert gjort i høve gjeldande krav knytt til denne typen anlegg for å sikre at havari av anlegget ikkje skjer på ny. Når det gjeld plassering av ankerfester vil kommunen be fylkeskommunen om å følgje opp merknaden frå Masfjorden kommune knytt til plassering av ankerfeste, og vil presisere at innrapportering av endelege koordinater for ankerfester er eit vilkår for dispensasjonen som er gitt frå kommunen. Kommunen vil elles vise til krav og vurderingar som er gjort i dispensasjonsvedtaket frå kommunen, og forventer at fylkeskommunen følgjer opp innhaldet i vedtaket.*»

Søknaden er handsama av Mattilsynet, avdeling Bergen og omland 06.08.2015. I medhald av § 5 i Forskrift av 17.06.2008 nr. 823 om etablering og utviding av akvakulturanlegg, zooutikkar m.m., godkjenner Mattilsynet, avdeling Bergen og omland endring av plassering og arealbruk for akvakulturlokalitet 19655 Ospeneset som omsøkt. Lokaliteten er godkjent for ein produksjon på 3120 tonn MTB for oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure.

Søknaden er handsama av Kystverket Vest 13.08.2015. Med heimel i havne- og farvannslova § 27 fyrste ledd, vert det gjeve løyve til etablering og endring av anlegg for oppdrett av laks og aure ved lokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune i samsvar med vedlagte stempla kart.

Anlegget er lokalisert ved innlaupe til Austfjorden. Det er ikkje registrert farlei i det aktuelle sjøområdet. Det er lite sjøtrafikk, i hovudsak fritidsfartøy og fartøy som betener oppdrettsanlegg i fjorden. Av navigasjonsinstallasjonar finn vi Kråka fyrlykt lenger inne i fjorden, søraust for anlegget. Anlegget vil ikkje ligge konfliktfylt til i forhold til navigasjonssignal frå lykta. Etter Kystverkets vurdering vil ikkje etablering av anlegg som omsøkt utgjere noko ytterlegare hinder for vanleg og pårekeleg sjøtrafikk i området.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga orienterte fylkeskommunen den 13.10.2015 om at dei ikkje ville komme med uttale i saka før klagen frå Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga, på dispensasjonsvedtaket til Lindås kommune av 16.07.2015 er ferdig handsama. Samstundes vart det stadfesta at utleppsløyvet for Ospeneset av 12.02.2013 framleis er gjeldande.

Med heimel i forureiningslova frå 13.03.1981 nr. 6, § 11, jf. § 16 har Fylkesmannen i Hordaland 12.02.2013 gjeve utleppsløyve til utlepp til luft og vatn for produksjon av 3120 tonn MTB matfisk av laks og aure på lokalitet Ospeneset i Lindås kommune. Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B-undersøkingar etter NS 9410.

Søknaden er handsama av Fiskeridirektoratet Region Vest 27.07.2015. Fiskeridirektoratet Region Vest har vurdert søknaden i høve til konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd. Fiskeridirektoratet Region Vest føreset at utlegg av fortøyingar til nytt anlegg ikkje kjem i konflikt med bruk av låseplassar i området. Når omsynet til låseplassar blir ivareteke, kan dei ikkje sjå at endring av arealformål vil få vesentlege konsekvensar for dei interesser direktoratet skal ivareta, og har såleis ingen andre vesentlege merknader til endring av areal avsett til akvakultur på Ospeneset i Lindås kommune.

Hordaland fylkeskommune

Søknaden har vore utlagt til offentleg ettersyn og er handsama av Lindås kommune og relevante sektorstyresmakter. Hordaland fylkeskommune har ansvaret for å slutthandsame søknaden etter akvakulturlova og laksetildelingsforskrifta.

Generelle vilkår for klarering av lokalitet er gjeve i laksetildelingsforskrifta § 30:

Lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*

3. annen bruk av området, og
 4. verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.
- c) det er gitt tillatelser som kreves etter
1. lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,
 2. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,
 3. lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.
- d) det ikke er i strid med
1. vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,
 2. vedtatte verneiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,
 3. vedtatte verneiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

Vurdering i høve til bokstav a):

Med miljømessig forsvarleg meiner ein i denne samanheng både forureining og økologiske effektar. Påverknad på omgjevnaden gjennom støy og utslepp til luft og vatn er også vurdert av Fylkesmannen i Hordaland som har gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova.

Rådgivende Biologer har overvaka påverknaden på botnen under det gamle stålanlegget på Ospeneset sidan fyrste gongs etablering i 2010, ved MOM B-granskingar i 2011, 2012 og 2014. Alle har synt tilstandsklasse 1 (meget god). I 2014 vart det gjort ei MOM C-resipientgransking som synte tilstand 2 (god) med omsyn på økologisk tilstand i Austfjorden.

Utsett av fisk på Ospeneset er planlagt hausten 2015. Selskapa oppgjev at det skal settast ut 450 000 fisk, fordelt på dei tre merdane. Maksimal slaktevekt på fisken vil være 4,5 kg, og maksimal produksjon på lokaliteten vil ligge rundt 1800 tonn. 210 000 fisk som var planlagt sett ut på Ospeneset hausten 2015 vert i staden sett ut på ein av Eide Fjordbruk sine lokalitetar i Hardanger. Dette utgjør ein produksjon på 8-900 tonn.

Overgang frå stålanlegg til plastringanlegg vil etter fylkeskommunen si vurdering ikkje ha negativ effekt på det marine miljøet.

Mattilsynet har forvaltningsansvaret for lakselus, dette inkluderer også eventuell påverknad av lakselus på vill laksefisk. Mattilsynet har vurdert søknaden og gjeve løyve til etablering.

Rømming av laks er oppfatta som ei uakseptabel hending uavhengig av lokalisering. Ei etablering av anlegg på lokaliteten må følgje gjeldane standardar og anna regelverk på dette området. Lokaliteten ligg inne i ein fjord som er eit viktig område for sjøaure. Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming.

Lokaliteten kjem ikkje i konflikt med trua eller sårbare artar, viltområde eller naturtypar som har eit kjent behov for særskilt beskyttelse.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8-12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta § 30 a. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Søkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden. Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Det vart heller ikkje reist krav om supplerande utgreiingar frå fagmyndighetene for dei respektive

kriteria i vedlegg III.

Vurdering i høve til bokstav b):

Søkar sitt behov for lokaliteten: Selskapa sitt behov for lokaliteten er tidlegare vurdert i samband med tidlegare lokalitetsklarering. Fyrste løyve på lokaliteten vart gjeve 12.06.2003.

Alternativ bruk av området til annan akvakultur:

Området er allereie i bruk til oppdrett av matfisk av laks og aure, og det er soleis ikkje relevant å vurdere alternativ bruk av området til annan akvakultur.

Annan bruk av området:

Selskapa søker om utskifting og utviding av anlegg i eit område som tidlegare er klarert for oppdrettsverksemd. Det er soleis gjort vurderingar tidlegare i høve til konflikt med annan bruk av området.

Kommunen sin uttale skal tilleggas stor vekt ved vurdering av søknaden. Den avsluttande søknadshandsaminga og interesseavveginga må imidlertid ivareta ei heilskapleg avveging mellom næringsinteressene og andre samfunnsinteresser. Lindås kommune har i sin uttale tilrådd etableringa av 3 bur.

Hordaland fylkeskommune har vurdert dei innkomne merknadane. Merknadane er gjeve til søknaden om å legge ut 6 bur, og fylkeskommunen vil kommentere dei delane av merknadane som går på etablering av 3 bur. Spørsmålet om det skal ligge anlegg på lokaliteten i det heile tatt er handsamma då lokaliteten vart etablert første gong, og vil ikkje bli vurdert på nytt. Vurderinga fylkeskommunen skal gjere i denne omgang er om det eksisterande stålanlegget kan bytast ut med eit plastringanlegg med tre ringar, samt justere plasseringa av anlegget noko.

Det nye anlegget vil ha same maksimalt tillatne biomasse som før. Når det gjeld omsyn til lusepåverknad på sjøaure i Storelva, kan vi ikkje sjå at utskifting til plastringanlegg vil medføre auka spreining av lakselus frå anlegget. Vi kan heller ikkje sjå at tiltaket vil føre til auka miljøpåverknad, i og med tiltaket ikkje gjeld auka produksjon.

Det omsøkte anlegget vil ta større plass enn det klarerte anlegget, og ta opp meir av området som elles kunne vore nytta til friluftsliv. Anlegget ligg i dag innanfor eit område som er verdisett som «viktig» i regional plan for friluftsliv frå 2009, grunna strandsonen. Utskifting frå stålanlegg til plastringanlegg vil etter vår vurdering få svært lite å sei for verdien av dette området som friluftsområde. Den nye plasseringa av anlegget vil vere lenger ut frå land, og i høve til friluftslivinteresser vil tiltaket medføre auka tilgang til strandsonen. Dette kan vere positivt for utøving av friluftsliv på sjø og land.

Når det gjeld rømmingssikkerheit syner vi til vurdering gjort av Akvasafe AS 16.07.2015, kor dei konkluderer med at plastringanlegg tilfredsstillir høgare krav til sikkerheit enn stålanlegg, i forhold til rømming av fisk på lokalitet Ospeneset. På generelt grunnlag kan fylkeskommunen ikkje sei om platanlegg er betre enn stålanlegg når det gjeld rømmingssikkerheit, fordi det ikkje fins oversikt over dette. Uavhengig av anleggstype er det krav i andre regelverk og standardar selskapa må følgje. Trenden i oppdrettsnæringa er at fleire går over til plastringanlegg, særleg på eksponerte lokalitetar, mellom anna fordi dei er enklare å drifte og gir betre oksygenforhold for fisken.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje uttale i høve til tradisjonelle fiskeriinteresser i slike saker. Dei har i sin uttale konkludert med at den omsøkte etableringa ikkje vil få vesentlege negative konsekvensar for det tradisjonelle fisket i området. Fiskarlaget Vest har vurdert søknaden, og føreset at fortøyingane ikkje kjem i konflikt med registrert kaste-/låssettingsplass nordvest for anlegget.

Hordaland fylkeskommune føreset at selskapa legg ut anlegg og fortøyingar i samsvar med godkjent kart og anleggsskisse.

Vernetiltak:

Det er ikkje kome fram opplysningar om andre verneinteresser som ikkje omfattar av bokstav d i søknadsprosessen.

Vurdering i høve til bokstav c):

Mattilsynet, Avdeling Bergen og omland har gjeve løyve til etablering etter sitt lovverk.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga har gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova.

Kystverket Vest har gjeve løyve til etableringa etter hamne- og farvannslova.

Søknaden gjeld ein lokalitet i sjø og er difor ikkje handsama etter vassressurslova.

Vurdering i høve til bokstav d):

Området der eksisterande anlegg ligg er sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplan, men den nye konfigurasjonen fører til at anlegget kjem utanfor grensene for det området som er sett av til føremålet. Det er difor naudsynt med dispensasjon. Lindås kommune har den 16.07.2015 gjort følgjande vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i sjø, §§ 6.1 og 6.2, for å etablere nytt akvakulturanlegg bestående av 3 bur/ringar i rekke og fôrflåte som vist i søknad datert 23.06.2015.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Ved etablering av anlegget skal nøyaktige posisjonar på anlegget og fortøyingar av dette meldast inn til Kystverket og kommunen for registrering i kart.
- Ved opphør av anlegget skal anlegg og eventuelle fortøyingar ryddast opp og fjernast frå området.
- Dersom løyve til etablering av akvakulturanlegg etter akvakulturlova ikkje vert gjeve innan eitt år, vert dispensasjonsvedtaket trekt tilbake.
- Dispensasjon gjeld for ein biomasse på inntil 3120 tonn. Dersom biomassen vert utvida, må det søkast om ny dispensasjon med tilhøyrande konsekvensutgreiing, eller utarbeidast reguleringsplan for området.»

Tidsavgrensing

Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga, har klaga på Lindås kommune sitt dispensasjonsvedtak, og klagesaka er oversend kommunal- og moderniseringsdepartementet for utnevning av settefylkesmann som skal ta endeleg avgjerd i saka. Dette løyvet etter akvakulturlova er med denne bakgrunn gjort tidsavgrensa for 1 produksjonssyklus, og gjeld til 31.07.2017. Løyvet vil etter denne dato kunne bli vidareført dersom det ikkje er i strid med gjeldande kommunale planar, jf. laksetildelingsforskrifta § 30 d, punkt 1.

Dersom selskapa ikkje får sette ut fisk som planlagt for hausten 2015 må dei vente i to år til neste moglegheit i smittehygienisk fellesområde 11, Austfjorden. Hordaland fylkeskommune meiner difor at vi ikkje kan vente med å handsamme søknaden til klagehandsaming på kommunen sitt dispensasjonsvedtak er ferdig. Kommunen handsama klagen frå Fylkesmannen politisk i plan- og miljøutvalet 2. september 2015, og opprettheldt der administrasjonen sitt dispensasjonsvedtak. Kravet frå Fylkesmannen om utsett iverksetting vart avvist. Vi vurderer dispensasjonsvedtaket frå Lindås kommune som gjeldande, og gjev difor eit tidsavgrensa løyve i samsvar med dette.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering har Hordaland fylkeskommune gjeve Eide Fjordbruk AS, org. nr. 866751242, akvakulturløyve med reg. nr. H-K-32, H-K-33 og H-K-63 og Fyllingsnes Fisk AS org. nr. 930387215 med akvakulturløyve med reg. nr. H-L-3 mellombels løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) i sjø på med ein maksimal tillaten lokalitetsbiomasse på 3120 tonn på lokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune på nærmare vilkår. Løyvet gjeld til 31.07.2017. Etter denne dato vil løyve av 02.07.2014 igjen vere gjeldande.

Generelle vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokalitet skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Hordaland fylkeskommune.

Løyve etter Akvakulturlova inneberer at det er gjeve eit offentleg rettsleg løyve inkludert løyve etter matlov, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette.

Pliktar

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til gransking av og opplysningar om anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, og også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

Vedlegg

Uttale frå Mattilsynet, Avdeling Bergen og omland 06.08.2015 og Kystverket Vest 13.08.2015, Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Hordaland 12.02.2013 samt kart med godkjent plassering av anlegget og klageskjema fylgjer vedlagt.

Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Hordaland fylkeskommune, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Kystverket.

I medhald av forvaltningslova sin §27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.


Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
seksjonssjef


Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.


Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvern- og klimaavdelinga
Mattilsynet, DK Bergen og Omland
Kystverket Vest
Fiskeridirektoratet Region Vest
Lindås kommune

H-K-32, H-K-33, H-K-63 Eide Fjordbruk AS H-L-3 Fyllingsnes Fisk AS Lokalitet 19655 Ospeneset



Lokalitet 19655





(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Hordaland fylkeskommune Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 BERGEN	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet) 16.10.2015
(3) Mottakar (namn og adresse) Eide Fjordbruk AS Fyllingsnes Fisk AS	(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppge datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevjegrungjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grungjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grungjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grungjevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga <p>Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjord.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjord i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve

